

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Fonna HF

DATO: 27.03.23
SAKSHANDSAMAR: Laila Nemeth
SAKA GJELD: **Anbud byggetrinn 2 Haugesund sjukehus**
STYRESAK: **28/23**

STYREMØTE: **18.04.23**

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret gjer si tilslutning til at Entreprise E02 med tilhøyrande dokumenter vert sendt ut på anbod
2. Styret ber administrerande direktør halde styret løypande orientert om resultatet av konkurransen og forhandlingar
3. Styret ber administrerande direktør leggje fram eiga sak med endeleg kontraktsum og ny usikkerheitsvurdering med oppdatert reserve, margin og styringsmål for prosjektet før signering av kontrakt

Bakgrunn for saka

Styret i Helse Fonna HF har tidlegare vedteke forprosjektrapport for byggetrinn 2 ved Haugesund sjukehus med tilhøyrande revidert framdriftsplan og entreprisestrategi. Forprosjektrapporten er også vedteken av styret i Helse Vest RHF i sak 009/23.

Den vedtekne entreprisestrategien legg opp til følgjande entrepriser i byggetrinn 2:

- Entreprise 01: Teknisk omlegging, asbestsanering, riving deler Ø blokk og grunnarbeid: Hovudentreprise (byggherrestyrt prosjektering og *ein* hovudentreprenørkontrakt). Entreprenørkontrakt basert på NS 8405¹. Mogleg Opsjon for timebasert arbeid åpen bok på plan 2 og 3 S blokk
- Entreprise 02: Nybygg Sydøstblokk: Totalentreprise med samspillsfase, samt mogleg tiltransport av prosjekteringsgruppe. Kontrakt basert på NS 8407². Mogleg Opsjon for timebasert arbeid open bok på ombyggingsarbeidet M blokk
- Entreprise 03: Ombygging plan 2,4,5 i M blokk: Blir lagt inn som moglege opsjonar til totalentreprise, timebasert og open bok. Om det vart vurdert hensiktsmessig på eit seinare tidspunkt går ein ut med Hovudentreprise (byggherrestyrt prosjektering og ein hovudentreprenørkontrakt) også for dette arbeidet. Entreprenørkontrakt basert på NS 8405
- Førebuande arbeid med forsterkning, teknisk omlegging og asbestsanering S blokk er tatt i ombyggingsentreprisen BT1

Entreprise E01 er kontrahert i samråd med administrerande direktør og styreleiar i tråd med vedteken fullmaktsmatrise. Entreprise E01 starta opp som planlagt 20.03.23.

I den vedtekne forprosjektrapporten er framdriftsplanen revidert. Den syner at entreprise E02 skal ut i marknaden våren 2023, for å auke sjansen for konkurranse med omsyn til andre store entrepriser som er på vei ut på Haugalandet.

Det er også lagt opp til samspillsfase for optimalisering til entreprise E02. For å få tid til dette må den ut i marknaden like over påske. For å vekke interessa for prosjektet blei det arrangert entreprenørseminar 21.03.23. Fem store aktørar deltok på seminaret.

¹ NS 8405 Norsk bygge- og anleggskontrakt

Forutsettes brukt i kontraktsforhold der prosjektets omfang eller organisering tilsier behov for strengt formaliserte varslingsprosedyrer og utstrakt plikt til samordning med andre aktører. Standarden forutsetter at det vesentligste av prosjekteringen skal leveres av byggherren.

² NS 8407 Totalentreprise

NS 8407 skal brukes i kontrakter der totalentreprenøren påtar seg hele eller vesentlige deler av prosjekteringen og utførelsen av et bygg- eller anleggsarbeid for byggherren.

Dei to anbudsdokumenta som sendes unntatt offentlegheita til styret er:

- Del 1 konkurransedokumentet som beskriv korleis anbudet og evaluering skal gjennomførast
- Del 2 kontraktsdokumentet.

Tilhøyrande er det ein stor mengde tekniske funksjonsbeskrivingar og modellar som følger konkurransedokumenta. Desse er ikkje vedlagt styrebehandlinga.

Prosessen med Entrepriise E02 er skissert slik:

- Planlagt utsending anbud totalentrepriise E02 20.04.23
- Frist for å søke om prekvalifisering: mai 2023
- Endeleg tilbudsfrist juli 2023
- Forhandlingar
- Ny usikkerheitsanalyse 03.08.23, for ny reserve, margin og styringsmål
- Usikkerheitsanalyse med ny reserve, margin og styringsmål samt tildeling/kontrakt skal til behandling og godkjenning i Helse Fonna styret i septembermøtet
- Samspillsfase oktober 2023-febr 2024
- Oppstart bygging februar/mars 2024

Det er lagt inn moglegheit for å avlyse konkurransen/kontrakten på fleire milepæls punkt:

- Mai 2023, om det ikkje er nokon tilbydarar i høve prekvalifisering
- Etter forhandlingar om ein ser at ein ikkje kjem i mål innafor økonomisk ramme
- Etter samspillsfasen kan kontrakten annullerast og entreprenør får berre kompensert for faktiske utgifter i samband med samspillsfasen

Om ein må avlyse er det eit alternativ å gå ut med to totalentreprisar; ein for råbygg/tett bygg og ein for innreiingsarbeidet.

I tråd med fullmaktsmatrisa skal styret vedta kontraktar over 300 MNOK. Ei eventuell avgjerd om dette er planlagt i styremøtet i september 2023, etter ny usikkerheitsvurdering med oppdatert reserve, margin og styringsmål for prosjektet. Administrerande direktør har valt å også leggje fram konkurransedokumenta for styret i føretaket før utsending.

Vedlegg

1 Konkurransedokumentet, u.off. jf. offl § 23, nr. 1

2 Kontraktsdokument, u.off. jf. offl § 23, nr. 1